

April 2021 8

Vipetips på tampen - isboksar og dynamitt

Nå har vipa lagt egg mange stader og tida er inne for å passe på reir og seinere dei små vipeungane. Sjå også [vipevideoen](#) som gir deg kunnskap om vipa og tips til å ta vare på den.

- *Ein halv dynamittkubbe* gjorde susen for å skreme måkene frå å ta vipeungar på 1960-talet fortel Wilhelm i artikkelen [Vipe – vener med gode rutinar](#). Sjølv om rovfuglane framleis irriterar, vil me sterkt frårå akkurat dette ut i frå dagens kunnskap på området. Her kjem nokre kjappe vipetips som har vist seg å fungera godt:

- Prøv så langt det lar seg gjera å **unngå å knuse egg og reir**. Overlevinga er definitivt høgast for kyllingar frå første egglegging. Spesielt tilførselsslangen ved slepeslangespreiing sopar med seg «*rubbel og rakje*». Ta kontakt med frivillige tiltak angående [vipedisk](#) som er konstruert for at tilførselsslangen glir over reiret.

- Sett ei bøtte eller ein isboks **over reiret når du køyrer ut husdyrgjødsel**. Gjødsla er ikkje bra for eggene.

- Jordarbeiding – **reiret kan flyttast** på ved hjelp av ei spade. Legg reiret tilbake på same plassen eller så nære på som råd etterpå.

- Kanskje dei yngste i heimen, ein kjekk nabo eller nokon andre kan ta seg ein tur på **reirlokaliseringssjakt** for deg i ei travel tid? Dagar med duskregn er spesielt gode til å finne reira, då drøyer vipene det ekstra med å lette frå reiret, er tipset frå ein ivrig vipeven og bonde i artikkelen ovanfor.

Webinar Gardsvarmeanlegg 22.april 2021 kl 19:00-20:30

Karl Ludvig Ådland frå CH4 Engineering AS vil snakke om tekniske løysingar, råstoff, investeringar og litt økonomi i gardsvarmeanlegg.

Flisfyring er ei løysing som nyttar lokalt og kortreist trevirke og som kan konkurrere i lønnsemd med tradisjonelle fossile oppvarmingskjelder.

Kva energiforbruk og varmebehov har garden? Korleis kan flisfyring eller vedfyring passe inn som varmekjelde på garden? Med støtte frå Innovasjon Norge, bruk av eige flisvirke frå garden eller ved, eige arbeid i byggeprosessen og i drifta av anlegget vert kostnadene redusert.

Gratis deltaking, men bruk [påmeldingsskjema](#)

Påmelding seinast 21.april kl 12:00

Same dag som webinarret skal haldast, får du ein invitasjon til eit Teams-møte. Sjå i søppelposten om du ikkje finn han andre stader

Arrangør: Statsforvaltaren i Rogaland og Bedriftsutvikling i Ytre Ryfylke